



Kenneth Bjørnevoll
Reikeråsvegen 175
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19348 - 21/11494

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.no

Dato:
19.02.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 62/66 og 62 Toffing

Tiltak: Kai og flytebrygge
Byggjestad: Gbnr: 62/66 og 62
Tiltakshavar: Kenneth Bjørnevoll
Ansvarleg søkjar: Kenneth Bjørnevoll

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.12.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsskartet må vera målsett og syne mål på tiltaket, avstand til nabogrense osv. Det kan med fordel nyttast kart frå Alver Kommune.
2. Det fylgjer med teikningar som syner kaianlegget sett i forhold til omsøkte naust. Teikningane knytt til kaien er ikkje målsett. I og med at kaien er oppført, fylgjer det med gode bilde av ynskja tiltak som gjev informasjon om plassering i terrenget.
3. Dispensasjonssøknaden oppfylgjar ikkje krava til søknad om dispensasjon jf. plan- og bygningslova § 19-1. Sjå vedlegg for meir informasjon.
4. Dykk kan med fordel innhente førehandsuttale frå Bergen og Omland Havnevesen knytt til tiltak i sjø.
5. I og med at søknaden har vesentleg manglar knytt til situasjonsskart, teikningar og søknad om dispensasjon, er det naudsynt med eit nytt nabovarsel til aktuelle naboar.

Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan **01.04.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon

Mottakarar:

Kenneth Bjørnevoll
Kenneth Bjørnevoll

Reikeråsvegen 175
Reikeråsvegen 175

5913
5913

EIKANGERVÅG
EIKANGERVÅG